



Clinical Knowledge Manager: Arketyper.no

Multilingual open knowledge platform and national governance scheme – a reference tool for information models



Design



Smart strukturerte patologisvar

Patologar i Norge lager kvart år fleire hundretusen diagnoser på vevsprøver, som danner grunnlag for val av behandling og vurdering av pasienten sin prognose. Om patologisvara ikkje blir laga som fritekst, men som strukturerte data, så blir dei raskare forstått av behandlande lege og dei kan gjenbrukas for kvalitetsarbeid og forskning. Prosjektet skal hjelpe patologane i helseregion vest å lage gode strukturerte data på ein lettvinnt måte.

Løysinga

Prosjektet skal forbetre strukturerte data i patologiens informasjonssystem Unilab-700 ved å bruke logiske begrensningar og ved å tilby kunnskapsstøtte.

Ein dynamisk brukergrenseflate skal støtte patologen ved svarrapportering.

For å oppnå best mulig datakvalitet blir det laga eit patologidatasett som arketypar. Arketypar er gjenbrukbare informasjonsmodeller som representerer eit maksimumsdatasett og vil bli forvalta i eit nasjonalt arketypebibliotek.

Proof of concept

Løysinga vil først bli utvikla for prøvetypen ikkje neoplastiske nyrebiopsiar, men kan etter kvart bli overført til andre typar patologisvar. Spesielt gjeld dette for alle typar kreftdiagnoser.

Effekt

Betre strukturerte patologidata til diagnose og behandling, kvalitetssikring og forskning.

Partnerar

Industri (Alphasoft),
Haukeland universitetssjukehus og
Helse Vest.

Finansiering

Prosjektet har motteke støtte frå
Helse Vest.

Kontakt

Overlege Sabine Leh,
Avdeling for patologi,
Laboratrieklinikken,
Haukeland universitetssjukehus
Helse Bergen

e-post:

sabine.leh@helse-bergen.no

